



Økonomiavdelinga  
 Besøksadresse:  
 Telefon: 5637 5000 Telefaks 5637 5001  
 Postadr.: Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø  
 E-post: postmottak@lindas.kommune.no  
 Heimeside: www.lindas.kommune.no  
 Kartside: www.nordhordlandskart.no  
 Org.nr: 935 084 733 Bank: 1503 22 54567

Mongstad Administrasjon AS  
 Mongstad Eiendomsselskap AS

Dykkar ref. Sakshandsamar:  
 Eirik Schütz

5954 MONGSTAD

Vår ref. Telefon  
 56 37 54 60

Arkivkode: Dato:  
 07.02.2014

## Varsel om taksering/omtaksering med omsyn på eigedomsskatt

Lindås kommune innførte i 1985 eigedomsskatt på verk og bruk. Verdsetjinga er regulert i § 8A-3 i eigedomsskattelova frå 1975:

«(1) Eigedomen skal verdsetjast ved takst.

(2) Det skal vere ei allmenn taksering i kommunen kvart tiande år. Dersom det ligg føre særlege tilhøve, kan kommunestyret avgjere at ny taksering skal skje tidlegare eller seinare enn dette, men ikkje seinare enn tre år etter at siste allmenne taksering skulle ha skjedd. Kommunen dekkjer kostnadene ved taksering, og kommunestyret utnemner dei personane som skal stå for takseringa.

(3) Formannskapet eller skattytar kan krevje overtakst.

(5) Omtaksering av ein eigedom skal skje dersom det i tida mellom dei allmenne takseringane, ligg føre ein av dei følgjande grunnane:

- a) eigedomen er delt,
- b) bygningar på eigedomen er rive eller øydelagd av brann eller liknande, eller
- d) det er ført opp nye bygningar eller gjort monalege forandringer på eigedomen.

(6) Dersom verdet til ein eigedom er vesentleg forandra i høve til andre eigedomar, kan formannskapet så vel som skattytar krevje særskild taksering i tida mellom dei allmenne takseringane. Skattytar som krev omtaksering etter dette og førre ledd, må sjølv dekkje kostnadene med takseringa. Krav om omtaksering må være stilt innan 1. november i året før skatteåret.»

Det er ein objektivisert omsetningsverdi som skal leggjast til grunn for taksten, der det ikkje skal takast omsyn til rettar og plikter som vedrører eigedomen.

Kommunestyret har utnemnd ei takstnemnd som skjønnsmessig skal fastsetja taksten. Takstnemnda består av følgjande personar:

Leiar:	Leidulv Brunborg
Nestleiar:	Ingrid Fjeldsbø
Medlem:	Rolf Henning Hegland

Takstnemnda ønskjer no å gjennomføre ei synfaring på dei av Dykkar eigedomar som er angitt i «**Reiserute eigedommar verk og bruk**» som fulgte som vedlegg til e-post av 7. februar 2014 frå takstmann Hugo Vedaa. Synfaringa vil bli avhalden **onsdag 12. februar 2014, i tidsrommet. kl. 09.30 – 14.00.**



Takstnemnda ber om at de stiller med ein representant til stades under synfaringa. Det er ønskjeleg å få sjå teikningar, byggjerekneskap, eventuell annan takst o.l.

For nærmere informasjon kan De ta kontakt med Lindås kommune ved Eirik Schütz,  
tlf.: 56 37 54 60 – mob.tlf.: 409 13 550. E-post: [eirik.schutz@lindas.kommune.no](mailto:eirik.schutz@lindas.kommune.no).

Det vil bli sendt melding om takst. Taksten kan pålagast til klagenemnda ved å krevje overtakst innan seks veker etter at taksten er lagt ut til offentleg ettersyn den 1. mars, jf. § 19 i lova:


«Skattytaren kan klage på den utskrivne eigedomsskatten. Klaga må gjevast inn skriftleg til eigedomsskattekontoret innan seks veker frå det seinaste tidspunktet av den dagen det vart kunngjort at eigedomsskattelista var utlagd eller dagen skattesetelen vart sendt i samsvar med § 14. Klage over verdet kan bli fremja kvart år i samband med den årlege utskrivinga av eigedomsskatt, dersom det ikkje er klaga på same grunnlag tidlegare år.

...

Er eigedomen bortleigd og skal leigaren svara eigedomsskatten, har leigaren likevel høve til å klaga over det verdet som ligg til grunn for eigedomsskatten. Klaga må vera sett fram for skattekontoret, innan fristen som er nemnd i første leden. Avgjerd i klagesaka får verknad også for formueslikninga åt eigaren.»

Med helsing

Janne Sund  
budsjett- og økonomisjef



Eirik Schütz  
kommuneadvokat